



## REFERAT FRÅ MØTE I SAMARBEIDSUTVALET (SU) OG SKULEMILJØUTVALET(SMU) VED SLÅTTEN SKULE

**Samarbeidsutvalet:** Christian Moltu, Jeaneth Rosnes, leiar for elevrådet – Gabriel Stavland, Karoline Grov Evebø nestleiar for elevrådet, Siri Walle Øen, Bernt Norevik, Marianne Einevoll, Liv Horvei og Turid Irene Hatlem.

**Skulemiljøutvalet:** Christian Moltu, Jeaneth Rosnes, Torje Hirth, Hjørdis Vik, Gabriel Stavland, Karoline Grov Evebø, Bodil Midtbø, Tore Evensen, Marianne Einevoll, Liv Horvei og Turid Irene Hatlem.

Møtte ikkje: Christian Moltu og Hjørdis Vik.

**Tid: Onsdag 01. juni 2022 kl. 18.00 – 19.00**  
**Møtestad: Konferanserommet, Slåtten skule**

### **Sak 11/22 Framdrift Legene**

Taket er rive, nytt tak har kome på plass (Erlend Slåtten). Tilsette og frivillige har lagt torv på det nye taket. Einar Fossheim og Gunnar Indrebø legg ned svært mange timar i arbeidet med stølen.

Neste steg i prosessen er nye vindauge, justering av golv og lister, samt å sjekke kva av kledningen som må skiftast. Vi håpar vidare på å få på plass ny omn. Det nye golvet som skal på plass må berast opp til stølen.

Framleis er planen å få på plass løe nedanfor sjølve stølshuset.

### **Sak 12/22 Inntekt og anna informasjon frå 17. mai arrangementet på Slåtten skule.**

Mykje folk på arrangementet på skulen. 65 000,- i inntekt totalt, ein stor auke frå dei to føregåande år. Overskot: 39 700,- (minus kostnad mat frå Coop, ca. 10 000). Arrangementet er noko «uformelt», slik er 17.mai, konkluderte møtet med. Overskot: Til Legene-stølen.

Song ved arrangementet har vore ved 5.trinnet. Foreslått å flytte dette til 3.trinnet.

---

Telefon:	57 83 45 00	Rektor:	Turid Irene Hatlem	57 61 28 13	turid.hatlem@sunnfjord.kommune.no
Løvetann SFO:	48 11 46 75	Ass. rektor:	Asmund Friborg	57 61 28 39	asmund.friborg@sunnfjord.kommune.no
Skogstjerne SFO:	97 04 30 10	Dagleg leiar SFO:	Johnny Årdal	57 61 28 44	johnny.ardal@sunnfjord.kommune.no
Firkløveren SFO:	47 48 42 89	Konsulent:	Kristin Burø	57 83 45 00	kristin.buro@sunnfjord.kommune.no

### **Sak 13/22 Arbeid i elevrådet**

Leikeapparatet «på toppen av bakken» bør byttast ut. Skulen har fått 15 000,- frå Slåtten grannelag til dette føremålet. Nye apparat er kostbare. Kan vi pusse opp/reparere det noverande? Til og med påbygg? Vidare forslag i forlenginga: Overbygg/persienne, slik at teikneaktivitet utandørs ikkje er så avhengig riktig vêr.

Krigen i Ukraina braut ut like etter innsamlinga til SOS Barnebyar ved karnevalet i februar. Elevrådet bestemte at 10 000,- av det innsamla går til Ukraina, dette er betalt til eit tiltak der heile summen går til dei krigsramma, der er ingen administrasjonskostnader.

Siste sak: Banning/stygt språk. Ein del elevar meiner at det er for mykje av slikt. Inntrykket dei tilsette og elevane som var på møtet har er at det kan vere utbredt, men ikkje eit stort problem. Problemet kan vere større på enkelte steg/ i enkelte klassar.

### **Sak 14/22 Ymse**

#### **Nye tilsette ved skulen:**

Mariell Follevåg  
Katrine Grytten

Bernt Norevik  
Skrivar -

Førde 01.06.22